



Øystre Slidre kommune

STAB

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Innlandet Fylkeskommune
Postboks 4404 Bedriftssenteret
2325 HAMAR

Vedtaksbrev

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vår dato:

MOELIV - 25/6261

K2-Q13


13.06.2025

Vedtaksbrev - Høyringsinnspeil til handlingsprogrammet for fylkesvegar 2026 – 2029

Vedlagt følgjer samla saksframstilling frå behandlinga i Kommunestyret 12.06.2025

Med helsing
Liv Bodil Tyskeberg Moen
Fagleiar post-arkiv/møtesekretær

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 25/789
ArkivID: K2-Q13
Saksbehandlar: Jostein Aanestad

Saksnr.	Utval	Møtedato
36/25	Kommunestyret	12.06.2025

Høyringsinnspel til handlingsprogrammet for fylkesvegar 2026 – 2029

Vedlegg:

09.05.2025	Handlingsprogram for fylkesveger 2026-29 - høring	281660
09.05.2025	Handlingsprogram fylkesveg 2026 - 2029_Til høring_10042025 (1).pdf	281661

Tilråding

Kommunestyret i Øystre Slidre gjev følgjande innspel til handlingsprogramm for fylksvegar 2026 – 2029:

1. Fv 51, ny gang- og sykkelveg frå Kyrkjebergvegen i Rogne til Moane. Vegstrekninga har høg trafikk (ÅDT på 3059 i 2023), er skuleveg og har därleg trafikk-tryggleik. For å få gjennomført tiltaket i denne planperioden meiner kommunestyret at dei 16 mill. som er sett av til ny Flybekken kan omdisponerast til bygging av ny gang- og sykkelveg frå Kyrkjebergvegen til Moane. Kommunen kan dekke delar av kostnadene ved tiltaket ved samtidig utbygging av VA-leidning på strekninga.

Om fylkeskommunen ikkje finn rom for investeringsmidlar til dette tiltaket i planperioden, vil kommunestyret stert rå til at det vert sett av midlar til planlegging (regulerings og prosjektering) av tiltaket i planperioden, med sikte på å ta tiltaket inn i handlingsplanperioden 2029 -33, jf. punkt 6.13 i handlingsplanen. Kommunen vil medverka til å gjennomføre reguleringsplanprosessen.

2. Fv 51 – ny gang- og sykkelveg frå Myhre gard til Skammestein med kurveutretting av svingen på Fv 51sør for Myhre gard.
3. Kommunestyret er positive til at det vert sett av ufordelte postar til utbetingar, turvegstiltak, trafikktryggleik og kollektivtiltak. Øystre Slidre kommune vil varsle om følgjande prioroteringar innafor ufordelte midlar:

- tiltak for utbetingar gjennom Heggenes sentrum med redusert barriereverknad, og betre tilrettelegging for gåande/syklende og brukarar av kollektivtilbodet.
- utbetingar gjennom Beitostølen sentrum med nytt kollektivknutepunkt og utvikling av Bygdinvegen som gate.
- Vedlikehald og utbetingar av følgjande fylkesvegar:
 1. FV 2506 – Beitovegen, strekninga Beito - Mørken

2. FV 2504 - Robølsvegen
3. FV2490 - Vølbusvegen/Vestsidevegen»

Bakgrunn

Innlandet fylkeskommune har sendt utkast til nytt handlingsprogram for fylkesvegar på høyring. Saka inneheld framlegg til høyringssvar fra kommunen.

Saksopplysningar

Kommunestyret handsama i KS-sak 65724 innspel til handlingsplan for fylkesvegnettet og gjorde følgjande vedtak:

«Kommunestyret i Øystre Slidre kommune prioriterer følgjande tiltak i handlingsprogrammet for fylkesvegar 2026-2029:

Gang- og sykkelveg:

Utbygging av gang- og sykkelveg langs Fv 51 med følgjande prioritet:

1. *Fv 51 – Gang- og sykkelveg fra Kyrkjebergvegen i Rogne til Moane.*
2. *Fv 51 – Gang- og sykkelveg fra Myhre gard til Skammestein med kurveutretting av svingen på Fv 51sør for Myhre gard.*

Utbetringar:

Utbetring av Fv 51 med følgjande prioritet:

1. *Utbetringar gjennom Heggenes sentrum med redusert barriereverknad, og betre tilrettelegging for gåande/syklande og brukarar av kollektivtilbodet.*
2. *Utbetringar gjennom Beitostølen sentrum med utbygging av nytt kollektivknutepunkt og utvikling av Bygdinvegen som gate og ikkje som gjennomkjøringsveg.*

Vedlikehaldstiltak:

Kommunestyret i Øystre Slidre kommune har følgjande prioritering for bruk av midlar til vedlikehaldstiltak i handlingsprogrammet for fylkesvegar 2026-2029:

1. *FV 2506 – Beitovegen, strekninga Beito - Mørken*
2. *FV 2504 - Robølsvegen*
3. *FV2490 - Vølbusvegen/Vestsidevegen»*

Eit KI-generert samandrag frå utkast til handlingsprogram er som følgjer:

Formål og bakgrunn: Handlingsprogrammet viser korleis Innlandet fylkeskommune planlegg å utvikle og forvalte fylkesvegnettet i perioden 2026–2029. Programmet er utarbeidd i samarbeid med kommunar, næringsliv og statlege aktørar, og er no sendt ut på høyring fram til 4. juli 2025.

Hovudutfordringar og mål:

- **Trafikksikkerheit:** Utforkøyringsulykker og møteulykker er dei største problema. Nullvisjonen (ingen drepne eller hardt skadde) ligg til grunn for arbeidet.
- **Vedlikehaldsetterslep:** Store delar av vegnettet og mange bruer er i dårlig forfatning. Etterslepet er estimert til 7–8 milliardar kroner.
- **Klima og miljø:** Vegnettet har stort klimafotavtrykk. Det er behov for klimatilpassing og reduksjon av utslepp.
- **Samfunnssikkerheit og totalforsvar:** Vegnettet er viktig for beredskap og forsvar, spesielt med auka NATO-samarbeid.
- **By- og tettstadsutvikling:** Det er potensial for meir sykling, gåing og kollektivtransport, spesielt i byar og tettstader.
- **Godstransport:** Innlandet er eit viktig transittfylke. Det er behov for betre infrastruktur for tungtransport og fjerning av flaskehalsar.

Økonomiske rammer:

- **Total investeringsramme:** 3,45 milliardar kroner.
- **Fordeling:**
 - Utbetring: 1 810 mill. kr
 - Gang- og sykkelvegar: 455 mill. kr
 - Trafikksikkerheit: 120 mill. kr
 - Kollektivtiltak: 20 mill. kr
 - Brutiltak: 700 mill. kr
 - Miljøtiltak: 45 mill. kr
 - Planlegging, open post og spleiselag: 300 mill. kr

Tiltak og prioriteringar:

- **Fornying framfor nybygging:** Fokus på å ta vare på eksisterande infrastruktur.
- **Bruer:** Mange er gamle og må fornyast. Det er sett av ekstra midlar til dette.
- **Gang- og sykkelvegar:** Tiltak for trygg skuleveg og pilotprosjekt for enklare turvegar.
- **Kollektiv:** Forbetre haldeplassar og knutepunkt.
- **Miljø:** Tiltak for å redusere støy, betre vassmiljø og ta vare på naturmangfold og kulturminne.
- **Planlegging:** Eige program for å førebu prosjekt etter 2029.

Heile høyringsdokumentet ligg som vedlegg og her:

<https://prod01.elementscloud.no/publikum/Documents>ShowDocument/1e19ac68-b074-44df-9273-d74cf116eb4e/1219541/2049356>

Av konkrete tiltak i Øystre Slidre kommune er følgjande tiltak inne i handlingsprogrammet:

B18	Fv 0051 Flybekken bru	Øystre Slidre	Ny bru	16	5,6
-----	--------------------------	------------------	--------	----	-----

I tillegg inneholder dei fleste programområda tiltakspakkene som er ufordelte, og som administrasjonen i fylkeskommunen fordeler til ulike tiltak innafor programområdet i handlingsplanperioda.

Vurdering:

Administrasjonen har eit god samarbeid med samferdsleavdelinga i fylkeskommunen, for å vurdere behovet for samferdsletiltak i kommunen. Vi gjennomførte nyleg ei synfaring i Heggenes sentrum, for å sjå på aktuelle trafikktryggingstiltak. Mindre tiltak vert gjennomført med grunnlag i dei ufordelta tiltakspakkane til trafikk-trygging, utbetring m.v. For å gje fylkeskommunen handlingsrom til å gjennomføre den type tiltak er det etter kommunedirektøren si vurdering viktig at handlingsplanen også inneholder ufordelte midlar. For vår del vil ufordelte midlar kunne nyttast til utbetringar i Heggenes sentrum og i Beitostølen sentrum og vedlikehaldstiltak, jf. vedtak i KS-sak 65/24.

For investeringstiltak har kommunen gitt innspel med slik prioritering:

«*Utbygging av gang- og sykkelveg langs Fv 51 med følgjande prioritet:*

1. *Fv 51 – Gang- og sykkelveg frå Kyrkjebergvegen i Rogne til Moane.*
2. *Fv 51 – Gang- og sykkelveg frå Myhre gard til Skammestein med kurveutretting av svingen på Fv 51sør for Myhre gard.»*

Desse tiltaka er det ikkje funne rom for i utkast til handlingsplan. Det er svært uheldig. Bygdinvegen er til tider ein svært trafikkert veg, med ein ÅDT målt ved Moane i juli 2024 på 4630 og ein årsdøgntrafikk på 3059 bilar i 2023. Bygdinvegen er også skuleveg, der flesteparten av elevane i dag må nytte skuleskyss, grunna trafikktryggleiken og avstandet til skulane.

Å fullføre gang- og sykkelvegen frå Rogne til Heggenes, ved å bygge ny gang- og sykkelveg frå Kyrkjebergvegen til Moane vil betre trafikktryggleiken monaleg på denne strekninga, og samtidig binde saman Heggenes – Moane og Rogne med ein trygg gang- og sykkelveg. Kommunedirektøren vil tilrå at kommunen held fast ved ny gang- og sykkelveg frå Kyrkjebergvegen til Moane som første prioritert til nye investeringar i Handlingsprogrammet. Primært bør denne strekninga planleggast ferdig og byggast i planperioda. Kommunen har behov for utbygging av VA-leidningar i dette området, og ved eit felles prosjekt kan vi bidra med inntil 5 mill. kroner til VA-utbygging på strekninga, som legg til rette for utbygging av gang- og sykkelveg over VA-traseen. Om det ikkje er råd å få inn midlar til investering i ny gang- og sykkelveg på denne strekninga i handlingsprogrammet bør det setjast av midlar til planlegging og prosjektering av tiltaket.

Kommunedirektøren tilrår at kommunen i høyringa også spelar inn utbygging av gang- og sykkelveg frå Myhre gard til Skammestein til handlingsprogrammet.

Kommunestyret 12.06.2025:

Behandling:

Bjarne Budal la fram følgjande tillegg til tilrådinga, punkt 3:
Punkt 1 og 2 vert lagt inn i asfaltprogrammet.

Tilrådinga med tillegg vart samrøystes vedteke.

KS- 36/25 Vedtak:

Kommunestyret i Øystre Slidre gjev følgjande innspel til handlingsprogramm for fylksvegar 2026 – 2029:

1. Fv 51, ny gang- og sykkelveg frå Kyrkjebergvegen i Rogne til Moane. Vegstrekninga har høg trafikk (ÅDT på 3059 i 2023), er skuleveg og har dårleg trafikk-tryggleik. For å få gjennomført tiltaket i denne planperioden meiner kommunestyret at dei 16 mill. som er sett av til ny Flybekken kan omdisponerast til bygging av ny gang- og sykkelveg frå Kyrkjebergvegen til Moane. Kommunen kan dekke delar av kostnadene ved tiltaket ved samtidig utbygging av VA-leidning på strekninga.

Om fylkeskommunen ikkje finn rom for investeringsmidlar til dette tiltaket i planperioden, vil kommunestyret stert rå til at det vert sett av midlar til planlegging (regulerings og prosjektering) av tiltaket i planperioden, med siktet på å ta tiltaket inn i handlingsplanperioden 2029 -33, jf. punkt 6.13 i handlingsplanen. Kommunen vil medverka til å gjennomføre reguleringsplanprosessen.

2. Fv 51 – ny gang- og sykkelveg frå Myhre gard til Skammestein med kurveutretting av svingen på Fv 51sør for Myhre gard.

3. Kommunestyret er positive til at det vert sett av ufordelte postar til utbetingar, turvegstiltak, trafikktryggleik og kollektivtiltak. Øystre Slidre kommune vil varsle om følgjande prioroteringar innafor ufordelte midlar:

- tiltak for utbetingar gjennom Heggenes sentrum med redusert barriereverknad, og betre tilrettelegging for gåande/syklande og brukarar av kollektivtilbodet.

- utbetingar gjennom Beitostølen sentrum med nytt kollektivknutepunkt og utvikling av Bygdinvegen som gate.

- Vedlikehald og utbetingar av følgjande fylkesvegar:

1. FV 2506 – Beitovegen, strekninga Beito - Mørken

2. FV 2504 - Robølsvegen

3. FV2490 - Vølbusvegen/Vestsidevegen»

Punkt 1 og 2 vert lagt inn i asfaltprogrammet.